

Varsel om oppstart av detaljregulering for fv, 500/548/5026 Opsanger-Porsvik, 154/245, 187/39 m.fl., PlanID 20230007, Kvinnherad kommune

Initiativtakar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8, vert det med dette varsla oppstart av arbeid med detaljregulering for fv. 500/548/5026 Opsanger-Porsvik, 154/245, 187/39 m. fl. i Kvinnherad kommune.

Forslagsstillar er Vestland fylkeskommune. Rambøll Norge AS og Henning Larsen Architects AS medverkar i reguleringsprosessen.

Planstatus og føremål

Området er tidlegare delvis regulert. I arealdelen til kommuneplanen er områda mellom anna vist som LNFR-område, bustadområde og næringsområde.

Delar av følgjande planar er føresett oppheva:

Del av detaljregulering for Porsvik, PlanID 19740001

Del av detaljregulering for Opsangervågen Industriområde, PlanID 20060009

Del av detaljregulering for 156/340, næringsområdet Opsangerneset, PlanID 20120023


Hensikta med reguleringsarbeidet er å knyte saman tettstadane Husnes, Sunde og Valen med gang- og sykkelveg. Strekningen er omtrent 2,6 km lang. I tillegg skal ein betre vegstandarden for gjennomgangstrafikken. Kvinnherad kommune er opptatt av at planen regulerer breidde for 2 køyrefelt samt gang- og sykkelveg.

Det nye føremålet er i stor grad i samsvar med overordna plan. Det vert noko endra arealbruk der ein ser seg nøydd til å erverva grunn for framføring av gs-veg.

Avgrensing

Planarbeidet omfattar eit strekke av fv. 548 Eikeland, fv. 500/5026 Toralivegen og fv. 500 Opsangervegen. Planområdet er på omlag 340 daa.

Planområdet er satt av med ei avstand på omlag 40 meter frå eksisterande veg, med enkelte tilpassingar, for å sikre tilstrekkeleg plass til planlagde tiltak og midlertidig bygge- og anleggsområde, samt å kunne leggja om nokre avkøyrslar. Ved Eikeland er det tatt med meir areal, då det kan verte trong for å rydde opp i avkøyrslene/vegane i området.



Figur 1 - Forslag til plangrense

Viktige utgreiingar

Forslagsstillar har i samråd med Kvinnherad kommune vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing. Tiltaket fall ikkje innunder vedlegg I, pkt. 7b og 7c – Motorveger og firefeltsveger med lengde over 10 km. Mindre veganlegg vert omfatta av vedlegg II, pkt. 10 e, punkt i. Det er vurdert at tiltaket ikkje vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn etter kriteria i KU-forskrifta § 10.

Forholdet til gjeldande planar og andre pågåande planarbeid vert tema gjennom planarbeidet. Planområdet vil erstatta delar av gjeldande reguleringsplanar i området, og elles verte tilpassa plangrenser for pågåande planarbeid.

Informasjonsmøte

Det vert arrangert eit informasjonsmøte om prosjektet, sjå stad og tid under.

Stad: konsertsal i kulturskulesenteret på Husnes

Tidspunkt: 11. april kl. 18-19

Saksdokument og merknader

Vi ber om at de sender synspunkt, innspel eller andre relevante opplysningar til oss innan **26.04.2024**. Send det til oss skriftleg anten med vanleg post til Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen, med e-post til post@vlfk.no eller gjennom vår nettbaserte løysing «innbyggardialog» som du finn her:

<https://innbyggardialog3d.geodataonline.no/v1/?appid=16929e5985694b68b4edc5ec04d39b22>

Eller ved å bruke denne QR-koden:



Frist for merknader planarbeidet er sett til 26.04.2024.

Oppstartsmelding, planinitiativ og referat frå oppstartsmøte er også tilgjengeleg på kommunen si heimeside/planregisteret.

Etter at merknadsfristen er ute vert sjølve planforslaget utarbeidd for deretter å sendast til Kvinnherad kommune for sakshandsaming. Etter fyrste gongs handsaming hos kommunen vert forslag til plan lagt ut på offentleg ettersyn. Det vil då på nytt vera høve til å koma med innspel og merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Dersom de har spørsmål om planarbeidet, kan de også kontakte Nina Fredriksen på telefon 47667198 eller e-post: Nina.Marlen.Fredriksen@vlfk.no eller

Anne-Lise Næs på telefon 47679967, Anne.Lise.Naes@Kvinnherad.kommune.no

Med vennleg helsing

SIGNATUR